


Aukra Kommune

Skisseprosjekt Julsundet skule og fleirbrukshus

2014-11-14 Oppdragsnr.: 5144667



01	14-11-2014		LARIN	LARIN	AGI
Rev.	Dato:	Omtale	Utarbeidet	Fagkontroll	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som framgår i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Innhald

1	Innleiing	6
2	Arealprogram	7
2.1	Dimensjoneringsgrunnlag	7
2.2	Arealprogram	8
3	Eksisterande bygningsmasse	10
3.1	Eksisterande bygningar	10
3.2	Eksisterande uteområde	10
3.3	Reguleringsplan	11
4	Skisseframlegg	12
4.1	Hovudgrep	12
4.2	Tiltak på eksisterande	13
4.3	Funksjonar	13
4.3.1	Samfunnsdelen, foajé og samlingsrom	13
4.3.2	Bibliotek	14
4.3.3	Atrie og takterrasser	14
4.3.4	Administrasjonen	14
4.3.5	Helsesystem	14
4.3.6	Småskulen	14
4.3.7	SFO	15
4.3.8	Mellomtrinn	15
4.3.9	Ungdomskulen	15
4.3.10	Elevgarderobar	15
4.3.11	Overbygde uteareal	15
4.3.12	Desentraliserte lærerarbeidsplassar	15
4.3.13	Mat & helse	15
4.3.14	Musikk	15
4.3.15	Kunst og handverk	16
4.3.16	Spesialpedagogisk	16
4.3.17	Adgangskontroll	16
4.3.18	Universell utforming	16
4.3.19	Varelevering	16
4.3.20	Reinhald og teknisk rom	16

5	Byggetrinn II	17
6	Vurdering av plassering av omsorgsbasen	18
7	Vurdering av storleik på fleirbrukshall	18
7.1	Alternativ 1 - Gymsal med spilleflate på 200kvm	19
7.2	Alternativ 2 - Idrettshall med volleyballstorleik, spilleflate 384kvm	20
7.3	<i>Alternativ 3 - Idrettshall med handballstorleik, spilleflate 1012kvm</i>	20
8	Kostnader	21
8.1	Grovkalkyle	21
9	Bilag	22

Samandrag

Norconsult vart etter utlyst konkurranse bedne av Aukra kommune om å utarbeide skisser og revidera romprogram for ei utviding av Julsundet skule med fleirbrukshus.

Desse skissene vart sidan utarbeida av sivilarkitekt MNAL *Lars Ringdal* og sivilarkitekt MNAL *Inês Moço Pereira*, Norconsult Bergen, i oktober og november i 2014.

Som del av utarbeiding av skissene og arealprogram har det vorte gjennomført brukarmøte, prosjekteringsmøte, og det har gjennom heile prossessen vore tett dialog med prosjektleinga.

1 Innleiing

Julsundet skule ligg på fastlandssida av Aukra kommune, og ligg langs RV662 med flott vestvend utsikt ut mot Gossen og kysten. Tomta ligg slik til at det gjev skulen gode dagslys- og solforhold.

Tomta er lokalt laga relativt flat, men er omgitt av knollar og åser, og terrenget stig opp på baksida av skulen. Skulen er omgitt av spektakulære fjell og utsikt, men ein kan berre sjå sjøen frå delar av skuleplassen. Skulen er noko utsatt for vind og vær som kjem inn frå kysten.

Skulen er i dag ein viktig ressurs for lokalsamfunnet og fungerer både som skule og samfunnshus for Julsundet. Skulen vert nytta til fleire ulike formål på kveldstid, og det foregår arrangement og ulike tilstellingar her.

Den eksisterande skulen er bygd på ved fleire tidspunkt, der den eldste delen er frå 1973 og den nyaste frå 2011. Det er varierende kvalitet og tilstand på dei ulike bygningsdelane.

Det er behov for å auka kapasiteten ved skulen og utbetra delar av dei eksisterande bygningane.

2 Arealprogram

2.1 Dimensjoneringsgrunnlag

DIMENSJONERANDE STØRRELSAR			
Totalt elevtal	255	Totalt antal assistentar	16
elevar 1-4 trinn	74	assistentar 1-4	6
elevar 5-7 trinn	56	assistentar 5-7	5
elevar 8-10 trinn	125	assistentar 8-10	5
Totalt antal pedagoger	20	Arbeidsplassar administrasjon	5
pedagogar 1-4	6	Brutto / nettofaktor Skule (%)	1,4
pedagogar 5-7	4	Brutto / nettofaktor Idrettshall (%)	1,3
pedagogar 8-10	10		

2.2 Arealprogram

JULSUNDET SKULE 1-10 TRINN, 255 ELEVAR (K255)		
FUNKSJON	m ²	Kommentarer
1 - Trinnareal		
Elevgarderober og wc		
Garderobe 1-7	104	0,8 pr elev
Garderobe 8-10	75	0,6 pr elev
DELSUM - Elevgarderober og wc	179	
Generelt læringsreal		
Heimeområde/Grupperom 1-7	520	4kvm pr elev
Heimeområde/Grupperom 8-10	406	3,25kvm pr elev
DELSUM - Læringsareal	926	
SFO		
SFO-base inkl kontor og lager	72	
DELSUM - SFO	72	
SUM 1 - Trinnareal	1177	
2 - Spesialiserte læringsareal		
Mat og Helse		
Kjøkken m/ kantineløsning	90	
Kjølelager	4	
Tørrlager	4	
DELSUM - Mat og Helse	98	
Naturfag		
Formidlingsareal	54	
Forberedelsesrom	18	
DELSUM - Naturfag	72	
Kunst og Håndverk		
Tre+metall	79	
Materiallager	15	
Tekstil og Forming	77	
Maskinrom	21	
DELSUM - Kunst og Håndverk	192	
Musikk og Drama		
Formidlingsareal m.m.	60	
Øvingsrom	50	
Lager	20	
Scene		Del av undervisningsrom
DELSUM - Musikk og Drama	130	
SUM 2 - Spesialiserte læringsareal	492	
3 - Personal og administrasjon		
Ledelse og Administrasjon		
	85	
Lærararbeidsplassar med kopi		
	120	
Arbeidsplassar assistenter		
	18	2,25kvm pr arbeidsplass (1,5x1,5m) 2 assist.pr plass
Møterom/ Grupperom/ Stillerom	16	
Personalrom	60	
Personalgarderober (med wc og dusj)	35	
Garderober assistenter	16	
Elevkontor	0	
SUM 3 - Personal og administrasjon	334	


4 - Andre funksjonar		
Samlingsarena (kantine, vrimleareal, bibliotek, m.m.)		150
Foajé		100
Drift, renhold, lager		75
SUM 4 - Andre funksjonar		325
5 - Skulehelsetenesta		
Kontor Helsesøster		15
Forrom		4
HCWC		5
SUM 5 - Skulehelsetenesta		24
6 - Spesialpedagogisk		
Spesialpedagogisk læringsareal		25
Rullestolgarderobe		7
HCWC / Stellerom		8
SUM 6 - Spesialpedagogisk		40
TOTALT PROGRAMMERT AREAL SKULE 1-10 TRINN		2392
8 - FELLESFUNKSJONAR, TEKNISK ROM, KOMMUNIKASJONSAREAL, M.M.		
Brutto/nettofaktor skule		
Utover programmert areal reknast eit tillegg på 40% til fellesareal og funksjonar		957
TOTALT SAMLA BRUTTOAREAL (ekskludert Idrettshall)		3349
7 - Gymsal		
Spilleflate inkl. sikkerhetssone		384
Apparatlager		20
Lager		20
Garderober med toalett		50
Dusj		30
Lærer-/dommergarderobe med toalett		15
Lager samfunnshus		60
Styrketreneringsrom		30
Kjøkken samfunnshus		del av B/N-faktor
SUM 7 - Gymsal		609
8 - FELLESFUNKSJONAR, TEKNISK ROM, KOMMUNIKASJONSAREAL, M.M.		
Brutto/nettofaktor idrettshall		
Utover programmert areal reknast eit tillegg på 30% til fellesareal og funksjonar		183
SUM BRUTTOAREAL IDRETTSHALL		792
TOTALT SAMLA BRUTTOAREAL (inkludert Idrettshall)		4141

3 Eksisterande bygningsmasse

3.1 Eksisterande bygningar

Skulebygningane er bygd på ved fleire tidspunkt. Den eldste delen av skulen er «Mellombygget» som er sett opp i 1973. Denne delen vart seinare bygd på i 1993 med «tilbygg mot Nord». «Ungdomskulen» vart bygd i 2005, og vidare bygd på i 2008. «Småskulen» vart bygd i 2011. I nyare tid har det midlertidig vorte satt opp ein paviljong for å husa mellomtrinnet.

Det er saman med denne rapporten utarbeidd ein tilstandsanalyse. Denne tek for seg meir detaljert tilstanden til dei ulike bygningsdelane.




Figur 1- Eksisterande bygningar

3.2 Eksisterande uteområde

Uteområdet er delt i ulike delar, ein asfaltert skuleplass med leikeapparater og ei grøntområde på framsida, ballbingen og naturtomt i området mot riksvegen, og delvis opparbeidd naturtomt med sittebenker og tarzanjungel i området på baksida. Det er skur for sykkelparkering, og delt parkeringsplass med barnehagen som ligg tett ved.

3.3 Reguleringsplan

Det er utarbeidd reguleringsplan som er forventta vedtatt i løpet av kort tid. Reguleringsføresegnene inneber foreløpig ein gesimshøgde på maksimalt kote +58 for nybygg, og maksimum +1,2m for mindre takoppbygg over gesims.



Figur 2 – Detaljreguleringsplan Julsundet sentrum, Aukra kommune (Plan id 1547201403)

4 Skisseframlegg



4.1 Hovudgrep


Framlegget inneber ein ombygging av ca 2060kvm og eit tilbygg på ca 2080kvm. Tilbygget bygger over tre etasjer pluss takterasse, der ein etasje er over inngangsnivå, og ein under. Samfunnsdelen ligg ved hovudinngangen. Det er "dobbel gymsal" som ligg ein etasje under inngangsnivå. Ein kan sjå ned i gymsalen ved hovudinngangen og frå uteområdene. Det er vidare eit utvendig atrium i 2 etasje, og på taket over 2.etasje er det teikna inn ein takterasse. Det er ein ny heis i tilbygget.

Skissene inneber at ein riv eksisterande gymsal og samfunnsdel, for å gje plass til eit tilbygg som knytter seg til og lagar eit nytt sentralt fellesareale mellom dei to inngangane som er der idag. Ved å legge samlingsrommet her, oppnår ein at dette blir liggande sentralt i skulen, og minimerar avstandane til dei andre delane av anlegget. Den nye hovudinngangen henvendar seg mot tilkomsten frå parkeringsplassen, og administrasjonen ligg lett tilgjengeleg i 2.etasje. Skulen vert organisert slik at småskulen ligg i eksisterande bygningar mot nord og nærme henting og bringing, ungdomstrinnet i bygningane mot aust, og mellomtrinnet ligg i 2 etasje av det nye tilbygget.

Tilbygget strekk seg langs retninga mot fjorden, og har linjer som henvendar seg mot det store landskapet samtidig som det tek vare på det nære. Tilbygget fungerer som kopleingspunkt mellom fløyene i det eksisterande bygget, og etablerar ein ny kjerne i skulen som innheld sentrale funksjoner, og veks romleg frå inne til ute og bind saman etasjane.

4.2 Tiltak på eksisterande

Framlegget inneber riving av ca 680kvm, lett ombygging av ca 1185kvm, og tung ombygging av ca 875kvm. Etter riving utgjer eksisterande bygningsmasse tilsaman ca 2060kvm.



Figur 3 - Tiltak på eksisterande bygningar

4.3 Funksjonar

4.3.1 Samfunnsdelen, foajé og samlingsrom

Fleirbrukshallen skal utover å være gymsal for skulen, også fungera som samfunnshus og skal betjena lokalsamfunnet som eit samlingspunkt der det skal foregå samlingar, arrangement og eksterne aktivitetar. At samfunnsdelen er ein viktig funksjon for lokalsamfunnet vert gjenspeigla i at funksjonen får ein synleg og sentral plassering i bygget.

Sjølv om det vert lagt opp til tett sambruk mellom skulefunksjonar og samsfunnsdelen, skal desse funksjonane også kunne fungera uavhengig frå kvarande, og aktivitet i samfunnsdelen utan at det legg band på andre areal i skulen.

Når ein kjem inn hovudinngangen kan ein sjå inn i hallen, som ligg eit nivå ned. Ein kjem frå hovudinngangen vidare inn ved trappa og samlingsrommet og areala som fungerer som foajé for hallen. På kveldstid vil hallen lysa.

Det er ein liten scene ved musikkrommet som vendar mot samlingsrommet, og det er servering frå luke i veggjen til mat & helse. Det er bord og ulike stader å sitta ned ved samlingsrommet.

Det er garderobar i underetasjen, ned trappa. Samfunnsdelen har også egne lager og eit lite kjøkken i underetasjen.

Når ein skal ned i hallen frå foajeen, kan ein enten gå gjennom dørene i glassveggen og ned trappa i tribunene, eller ned trappehuset/heis til områda ved garderobane.

4.3.2 Bibliotek

Nær hovudinngangen går det trapp og heis til dei andre etasjane, og denne trappa er tenkt utført massiv med uthulingar og nisjer for bøker og sitteplassar, slik at den kan ha funksjonen som bibliotek og lese krok. Det er vidare tenkt at det står utlånscomputer med scanner i forbindelse med desse nisjene. Bokhyllene har gitter/dører slik at dei kan stengast av utanom skuletid.

4.3.3 Atrie og takterrasser

Atriet ligg ein etasje opp frå skuleplassen, men er knytt til dei andre uteareala med ei utvendig trapp som går opp mellom musikkrommet og idrettshallen. Atriet gjev lys og dannar ein kjerne som ein kan bevega seg rundt i areala i 2 etasje, og vert eit tilrettelagt uteopphaldsareal. Tilkomst til lærar- og elevgarderobane er gjennom desentraliserte inngangar inn mot atriet.

I etasjen over atriet ligg takterrassen. For å kome til takterrassen kan ein nytta trappene i atriet eller heisen. He roppe kan ein nytta den spektakulære utsikta.

Det er også ein mindre takterrasse i 2 etasje, på tak på eksisterande bygg, ved samlingsrommet.

4.3.4 Administrasjonen

Administrasjonen ligg i 2 etasje, og ligg slik til at den er enkel å finna for besøkande. Med fasade mot inngangside er det mogleg å synleggjera administrasjonen. Dette vil også sikra at desse areala får mykje daglys og godt utsyn.

Det er her satt opp kontor for til saman fem tilsette, møterom, rekvisita- og kopirom, garderobar og personalrom. Garderobane for administrasjonen er samlokalisert med lærargarderobar for mellomtrinnet og har dusj og eigen inngang frå atriet.

4.3.5 Helsesyster

Helsesyster er plassert ved administrasjonen i 2 etasje. Kontoret ligg slik at elevar kan gå dit diskret utan at «alle ser det» samtidig som det er lett tilgjengeleg. Helsesyster får også god kontakt med administrasjonen.

4.3.6 Småskulen

Småskulen er plassert i nokon lunde same plassering som i dag, men skal pussast opp og byggast litt om. Inngangen vert bygd om slik at garderobane for elevar får riktig storleik, og denne er delt i ein grovgarderobe og ein fingarderobe.

Småskulen har vidare heimeområder og grupperom med ulik storleik, og eit grovverksted med sluk i golv. Grovverkstaden vert utforma som eit grovt våtrom, der ein kan «ta naturen inn» og ha undervisning som elles måtte ha foregått ute.

4.3.7 SFO

SFO ligg i direkte tilknytning til småskulen, samtidig som den ligg mot parkeringsplassen for å forenkla henting og bringing. Det er ein foldevegg mot det nærmaste heimeområdet slik at arealet enkelt kan innlemmast direkte i SFO på kveldstid. Det skal vera eit eige kjøkken.

4.3.8 Mellomtrinn

Mellomtrinnet ligg i 2 etasje på sørsida, og ein kjem til garderoberne gjennom inngang frå atriets i 2 etasje. Det er i «rein sone» innvendig trapp og heis. Det er satt opp tre heimeområde og tre grupperom i tillegg til ein liten lesestol.

4.3.9 Ungdomskulen

Ungdomsskulen ligg mykje slik den ligg i dag, med nokre endringar. Den eksisterande garderoben vert flytta og inngangen bygd om slik at det vert plass for eit nytt heimeområde. Den nye garderoben leggst nærare fellesareala. Det er satt opp store heimeområde slik at desse skal kunne ta elevkull med ulike storleik. Det er vidare satt opp tre grupperom og eit lager.

4.3.10 Elevgarderobar

Skulen er organisert med desentraliserte inngangar med elevgarderobar tilknytt desse. Desse er vidare organisert slik at skulen kan delast i «reine» soner der elevane har innesko, noko som vil minska behovet for reinhald. Det er satt opp eitt toalett pr 20 elevar, og eitt av desse er tilgjengeleg frå «skitten sone» i kvar av garderoberne. Det er vidare tenkt ventilerte skap, slik at vått tøy vil kunne tørka. Det er for ungdomstrinn satt av plass til 2 skap i høgda (Z-skap), dei andre trinna eitt skap i høgda. I småskulen er det eigen grovgarderobe for regntøy og støvlar. Garderoben for mellomtrinnet ligg i 2 etasje og har inngang frå atriets.

4.3.11 Overbygde uteareal

Det er tre nye overbygde uteareal i framlegget. Det er eit i samband med hovudinngangen, eit i samband med trappeoppgang til atriets, og eit større eit på austsida av samlingsrommet. Dette store taket vil ligga slik at ein der vil vera i le for det verste vêret på regnfulle dagar.

4.3.12 Desentraliserte lærerarbeidsplassar

Framlegget inneber at arbeidsplassar for lærarane vert plassert ut slik at dei ligg i dei ulike avdelingane som lærarane underviser i. Det vil sei at lærerarbeidsplassane for småskulen ligg nær småskulen o.s.v. Det er egne møterom ved arbeidsplassane, og lærargarderoberne er lagt i nær tilknytting. For mellomtrinn er lærargarderoberne lagt saman med garderobe for administrasjonen.

4.3.13 Mat & helse

Mat og helse ligg med ein vegg mot samlingsrommet der det vert luke for kantineservering. Det er satt av plass for kjølerom og tørrlager, og desse ligg slik til at det ikkje er langt frå varelevering.

4.3.14 Musikk

Musikkavdelinga er lagt direkte mot samlingsrommet og har ein foldevegg slik at delar av arealet kan fungera som scene ved tilstellingar. Det er laga til for lager og tre øvingsrom av ulik storleik, der det største har skyvedør i glas mot teorirommet. Øvingsromma er lagt slik at det er enkelt å halde oversikt, og det er eigen inngang til avdelinga.

4.3.15 Kunst og handverk

K&H ligg i mellombygget mellom hovudinngangen og småskulen. Den er plassert på denne fasaden med eigen inngang, for enkel levering av materialer til materiallageret. Det er satt opp eige lydisolert maskinrom og glassveggar for enkel oversikt.

4.3.16 Spesialpedagogisk

Spesialpedagogisk rom ligg i plan med inngangen og er plassert slik at denne ligg sentralt og får god tilgang samtidig som det gir god logistikk. Det er tenkt at tilkøring kan skje i uteområdet mellom samlingsrommet og ungdomsdelen. Her det også overdekkta uteareal for regnfulle dagar.

4.3.17 Adgangskontroll

Dei ulike funksjonane er forsøkt lagt slik at det kan etablerast ulike soner for tilgang. Det er tenkt eit system med adgangskontroll med kort, og ein kan med dette gje tilgang til ulike sonar av bygget med dei ulike korta.

4.3.18 Universell utforming

Skulen skal tilretteleggast med universell utforming. Dette inneber blant anna at det vert tilgang til alle dei ulike nivåa med heis, hcwc i alle etasjer, riktige bredder på dører, kontrastmerking m.m.

4.3.19 Varelevering

Det er tenkt at vareleveringa kan skje i uteområdet mellom musikkavdelinga og ungdomstrinn. Den kan foregå her utan at det krevjer rygging.

4.3.20 Reinhald og teknisk rom

Det er gjort plass til bøttekott i kvar av dei ulike bygningsvoluma, og eit reinhaldsrom i undertasjen. Dei eksisterande ventilasjonsromma vil fortsatt vera i bruk. Nytt teknisk rom er plassert i underetasjen.

5 Byggetrinn II

Som del av oppgåva har me blitt bedne om å sjå på mogleg utviding og tilrettelegging for eit seinare byggetrinn.

Ramma som er gitt for byggetrinn II er 14,2MNOK

Byggetrinnet inneber å auke i trinnarealet for ungdomstrinn, og det er difor tenkt å flytte naturfag for å gje plass for ungdomstrinnet. Det er vidare lagt til areal for auditorium og andre funksjonar, og dei nye areala utgjør til saman ca 425kvm.

Grovt kalkulert vert prosjektkostnad byggetrinn II fordelt følgande :

- Lett rehabilitering/ombygging naturfag.
Areal 72kvm (7500kr/kvm) kr 540 000
- Nybygg/tilbygg skule
Areal 425kvm (31990kr/kvm) kr 13 595 750

Dei nye areala er tenkt fordelt over 1. og 2. etasje, der delar av dei nye areala ligg på austsida av samlingsrommet og andre delar over eksisterande bygningar A+ B.

Auditoriet er tenkt lagt på austsida av samlingsrommet. Det er tenkt plassert her slik at det kan brukast i fleire ulike samanhengar, enten det er for elevsamlingar, mindre konsertar eller kurs og liknande. Arealet på auditoriet har vorte sett til 100kvm.

Naturfag er tenkt flytta opp i andre etasje der det vert plassert saman med dei andre nye areala. Dei nye areala i 2 etasjen kan leggast nær hovudtrapp og slik at det vert danna ein messanin mot samlingsrommet.

6 Vurdering av plassering av omsorgsbasen

Me har også blitt bedne om å vurdere ein samlokalisering av omsorgsbasen og Julsundet skule, og har gjennom diskusjonar med prosjektgruppa og brukarar komme fram til å leggja denne ut som eit eige bygg.

Dette utifrå at dette oppnår ein fleksibilitet i forhold til å seinare kunne bygge på funksjonen, om det skal verta aktuelt å også bygge ut ein helsestasjon i Julsundet. Det vil også gje meir fleksibilitet i forhold til skulen, ved at funksjonen ikkje legg band på areal som elles kan vera viktige for bruken av skulen.

Logistisk sett er det ein fordel å leggja omsorgsbasen nærme tilkomsten. Samtidig har parkeringsplassen noko overkapasitet i areal, og det blir foreslått at området bearbeidast noko og basen plasserast i dette området. Fotavtrykket til omsorgsbasen er satt til 100kvm, og framlegg for plassering er vist på eigen planteikning under.

Det vert vurdert som at det i utgangspunktet ikkje er nokon større funksjonelle fordelar med å samlokalisera omsorgsbasen med skulen, og det bør vurderast i vidare planlegging om ein annan lokalisering saman med andre funksjonar ville vore betre, som til dømes i nærleik av omsorgsbustader eller liknande.



Figur 4 – Mulig plassering av Omsorgsbasen

7 Vurdering av storleik på fleirbrukshall

Det har i løpet av prosessen vorte diskutert tre ulike størrelser på fleirbrukshallen. Det minste av alternativene er gymsal med 200kvm spilleflate, den neste ein volleyballhall med ein spilleflate på 384kvm, og ein større handballhall med ein spilleflate på 1012kvm.

7.1 Alternativ 1 - Gymsal med spilleflate på 200kvm

Eksempel arealprogram:

IDRETTSAREAL		
Spilleflate inkl sikkerhetssone		200
Apparatlager		25
Lager		30
Garderober med toalett		50
Dusj		30
Lærer-/dommergarderobe med toalett		15
SUM NETTOAREAL IDRETTSHALL		350
Brutto/nettofaktor idrettshall	1,3	
SUM BRUTTOAREAL IDRETTSHALL		455

200kvm vert rekna som for lite areal både i forhold til det skulen treng, og arealet som er nødvendig for samfunnshusfunksjonen. Alternativet inneber at det ikkje kjem i konflikt med normer for storleik på uteareal for skulen, og storleiken gjer at det ikkje vil kunne søkast om støtte frå tippemidlene. Alternativet vil kunne gjennomførast utan endringar i budsjett, og frigje areal/kostandar som kan nyttast til andre funksjonar i skulen.

Dette alternativet vert vurdert som mindre fordelaktig utifrå at arealet vert for lite til å dekke funksjonane som skal inn.

7.2 Alternativ 2 - Idrettshall med volleyballstorleik, spilleflate 384kvm

Arealprogram:

IDRETTSAREAL		
Spilleflate inkl. sikkerhetssone 16x24 m		384
Apparatlager		20
Lager		20
Garderober med toalett		50
Dusj		30
Lærer-/dommergarderobe med toalett		15
Ekstra lager samfunnshus		60
Styrketreningsrom		30
SUM NETTOAREAL IDRETTSHALL		609
Brutto/nettofaktor idrettshall	1,3	
SUM BRUTTOAREAL IDRETTSHALL		792

Storleiken vert vurdert som å vera tilstrekkeleg for å kunne dekkja funksjonane både til skulen og samfunnshuset, og vil innebera mogleg støtte på 4 MNOK frå tippemidlene. Alternativet vil kunne gjennomførast med gjeldande budsjett for skuleutbygginga mot at andre funksjonar reduserast noko i areal. Løysinga kjem ikkje i konflikt med normer for storleik på uteareal for skulen.

Dette alternativet er del av skisseframlegget.

7.3 Alternativ 3 - Idrettshall med handballstorleik, spilleflate 1012kvm

Eksempel arealprogram:

IDRETTSAREAL		
Spilleflate inkl sikkerhetssone 23 x 44 m		1012
Apparatlager		70
Lager		30
Garderober m/toalett		180
Dusj		90
Lærer-/dommergarderobe		30
Toalett tilknyttet gjester		16
Tribune		220
Renhold		10
Styrketrening		50
SUM NETTOAREAL IDRETTSHALL		1 708
Brutto/nettofaktor idrettshall	1,3	
SUM BRUTTOAREAL IDRETTSHALL		2 220

Alternativet vert vurdert som å ta mykje uteareal og vil kunne kome i konflikt med normer for storleik på uteareal, der ein mogleg kjem under normen på 10 mål uteareal med dei areala som er avsett til skule i reguleringsplanen.

Ein fleirbrukshall med eit BTA på 2220kvm vil grovt rekna innebera ein prosjektkostnad på 48MNOK. Ein kan ved denne storleik søke om støtte på inntil 10MNOK frå tippemidlene, noko som vil innebæra då at kostnaden inklusiv støtte vert 38MNOK. Alternativet vil ikkje kunne gjennomførast innafor gjeldande budsjett for skuleutbygginga.

8 Kostnader

8.1 Grovkalkyle

Det er saman med skisseframlegget utarbeida grovkalkyler på ombygginga og nybygga.

Det er i kalkylen tatt utgangspunkt seks ulike arealkategoriar for nybygg, idrettsareal, lett rehabilitering, tung ombygging, riving og utendørs. Sjå A-20-05-01 «planer arealer».

GROVKALKYLE JULSUNDET SKOLE			
Skisse 1	M ²	Kr pr m ²	Prosjektkostnad (NOK)
Rivekostnader*	680	1 446	983 280
Oppussing/ lett ombygging	1 185	7 500	8 887 500
Tung ombygging	875	20 000	17 500 000
Nybygg Skole**	1 289	33 590	43 297 768
Nybygg Flerbrukshall ***	792	21 588	17 097 696
Utendørs****	7 000	895	6 265 000
Sum Prosjektkostnad	11 141	85 019	94 031 244

Kostnadar baserar seg på erfaringspriser og statistiske kostnadar frå Norsk Prisbok 2014
For tal frå Norsk Prisbok er det lagt til ein meirkostnad på 10% for storleiken på bygningen

Følgande sider i Norsk prisbok er benytta:

* **Riving** Side D-016 - Riving, forberedende arbeider

** **Nybygg skole** Side B-103 - Ungdomsskole, 2 etasjer, pluss stipulert ekstra kostnad diverse konstruksjoner.

*** **Nybygg Flerbrukshall** Side B-113 - Idrettshall, gymnastikksal

**** **Utendørs** Side B-136 - Utendørs skolebygning

Grad av ombygging er definert som stor i delar av arealene og me antar at tiltak i delar av eksisterande bygg vil vera omfattande, desse areala er definert som tung ombygging.

Andre delar av eksisterande bygg kan me anta ikkje treng fullstendig ombygging og har derfor differensiert kostnadene og areala i desse som lett oppussing/ombygging.

«Nybygg» inkluderar kostnad for alle nye areal, og «nybygg fleirbrukshall» for dei nye areala i fleirbrukshallen. Det er utover kvadratmeterpris frå prisboken også lagt til 10 % for arealet på nybygget som er mindre enn døme i prisboka, og for diverse konstruksjonar (utvendige tak m.m.)

Kalkylen inkluderar kostnader for opparbeiding av delar av utomhusarealet, i tillegg er det lagt inn nokon ekstra kostnader for opprusting av de eksisterande uteområda.

Prosjektkostnad inkluderar ikkje kostnadar til laust inventar.

Alle prisar er inkludert meirverdiavgift.

9 Bilag

- Skissehefte «Skisseprosjekt Julsundet skule» utarbeidd 14-11-2014, Norconsult
- Tilstandsanalyse utarbeidd 31-10-2014, Norconsult

JULSUNDET SKULE OG FLEIRBRUKSHUS
SKISSEPROSJEKT 14-11-2014

Norconsult 

JULSUNDET SKULE - INSPIRASJON

UTE/INNE/UNDER/OVER (kjernen)



KJERNEN SOM VOKSER UT (fra inne til ute)



TAK-LANDSKAP (forhold til område rundt)






JULSUNDET SKULE - KONSEPT

UTE/INNE/UNDER/OVER (kjernen)

KJERNEN SOM VOKSER UT (fra inne til ute)

TAK-LANDSKAP (forhold til område rundt)





A
A-40-00-01






- 1 - Trinnareal
- 2 - Spesialisert læringsareal
- 3 - Personal og administrasjon
- 4 - Andre funksjonar
- 5 - Skulehelsestetesta
- 6 - Spesialpedagogisk
- 7 - Gymsal
- 8 - Fellesfunksjonar, Teknisk rom, Kommunikationsareal, m.m.

A
A-40-00-01


D1	14-11-2014	Skisseprosjekt	IMPER	LARIN	AGI
Revisjon	Dato	Beskrivelse	Tegnet	Kontrollert	Godkjent
<p>Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.</p>					
Oppdragsgiver					Målestokk (gjelder for A1 format)
Aukra kommune					1 : 200
<p>Julsundet skule og fleirbrukshus Plan 1. etg.</p>					
<p>SKISSEPROSJEKT</p>					
Norconsult		Oppdragsnummer	Tegningsnummer	Revisjon	
		5144667	A-20-01-01	D1	

A
A-40-00-01




- 1 - Trinnareal
- 2 - Spesialisert læringsareal
- 3 - Personal og administrasjon
- 4 - Andre funksjonar
- 5 - Skulehelsestena
- 6 - Spesialpedagogisk
- 7 - Gymnal
- 8 - Fellesfunksjonar, Teknisk rom, Kommunikationsareal, m. m.


A
A-40-00-01




D1	14-11-2014	Skisseprosjekt	IMPER	LARIN	AGI
Revisjon	Dato	Beskrivelse	Tegnet	Kontrollert	Godkjent
<small> Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier. </small>					Målestokk (gjelder for A1 format)
Oppdragsgiver					1 : 200
Aukra kommune					
Julsundet skule og fleirbrukshus					
Plan 2. etg.					
SKISSEPROSJEKT					
Norconsult		Oppdragsnummer	Tegningsnummer	Revisjon	
		5144667	A-20-02-01	D1	





A
A-40-00-01




A
A-40-00-01

Revisjon	Dato	Beskrivelse	IMPER	LARIN	AGI
D1	14-11-2014	Skisseprosjekt			
<small> Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier. </small>			<small>Målestokk (gjelder for A1 format)</small>		
Oppdragsgiver Aukra kommune					1 : 200
Julsundet skule og fleirbrukshus Plan tak					
SKISSEPROSJEKT					
Norconsult 		<small>Oppdragsnummer</small> 5144667	<small>Tegningsnummer</small> A-20-03-01	<small>Revisjon</small> D1	<small>2014-11-14 15:08:39</small>


A
A-40-00-01



- 1 - Trinnareal
- 2 - Spesialisert læringsareal
- 3 - Personal og administrasjon
- 4 - Andre funksjonar
- 5 - Skulehelsetenesta
- 6 - Spesialpedagogisk
- 7 - Gymsal
- 8 - Fellestjenester, Teknisk rom, Kommunikationsareal, m.m.



A
A-40-00-01



D1	14-11-2014	Skisseprosjekt	IMPER	LARIN	AGI
Revisjon	Dato	Beskrivelse	Tegnet	Kontrollert	Godkjent


Detta dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må ikke benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.


Oppdragsgiver: Aukra kommune | Målestokk (gjelder for A1 format): 1 : 200


Julsundet skule og feirbrukshus
Plan u. etg.

SKISSEPROSJEKT



Norconsult	Oppdragsnummer: 5144667	Tegningsnummer: A-20-04-01	Revisjon: D1
------------	-------------------------	----------------------------	--------------




D1	14-11-2014	Skisseprosjekt	IMPER	LARIN	AGI
Revisjon	Dato	Beskrivelse	Tegnet	Kontrollert	Godkjent
<p>Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.</p>					
Oppdragsgiver				Målestokk (gjelder for A2 format)	
Aukra kommune				1 : 200	
<p>Julsundet skule og fleirbrukshus Snitt A-A</p>					
<p>SKISSEPROSJEKT</p>					
Norconsult 		Oppdragsnummer	Tegningsnummer	Revisjon	
		5144667	A-40-00-01	D1	




D1	14-11-2014	Skisseprosjekt	IMPER	LARIN	AGI
Revisjon	Dato	Beskrivelse	Tegnet	Kontrollert	Godkjent
<small> Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier. </small>			<small>Målestokk (gjelder for A3 format)</small>		
Oppdragsgiver					
Aukra kommune					
Julsundet skule og fleirbrukshus					
3D-skisser					
SKISSEPROSJEKT					
Norconsult 		Oppdragsnummer	Tegningsnummer	Revisjon	
		5144667	A-90-01-01	D1	



- Idrett/Samfunn u. etg.
- Nybygg u. etg.
- Lett rehabilitering
- Tung rehabilitering
- Nybygg 1. etg.
- Nybygg 2. etg.



Areal BTA		
Namn	Areal	Areal nybygg
Idrett/Samfunn u. etg.	791 m ²	791 m ²
Lett rehabilitering	1159 m ²	0 m ²
Nybygg 1. etg.	404 m ²	404 m ²
Nybygg 2. etg.	669 m ²	669 m ²
Nybygg u. etg.	214 m ²	214 m ²
Tung rehabilitering	898 m ²	0 m ²
Grand total: 10	4135 m ²	2078 m ²

D1	14-11-2014	Skisseprosjekt	IMPER	LARIN	AGI
Revisjon	Dato	Beskrivelse	Tegnet	Kontrollert	Godkjent
<small>Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.</small>					
Oppdragsgiver				Målestokk (gjelder for A2 format)	
Aukra kommune				1 : 500	
<p>Julsundet skule og fleirbrukshus Planer arealer</p> <p>SKISSEPROSJEKT</p>					
Norconsult 		Oppdragsnummer	Tegningsnummer	Revisjon	
		5144667	A-20-05-01	D1	



D1	14-11-2014	Skisseprosjekt	IMPER	LARIN	AGI
Revisjon	Dato	Beskrivelse	Tegnet	Kontrollert	Godkjent
<small> Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier. </small>					
Oppdragsgiver				Målestokk (gjelder for A3 format)	
Aukra kommune				1 : 500	
Julsundet skule og fleirbrukshus Planer Byggetrinn II					
SKISSEPROSJEKT					
Norconsult		Oppdragsnummer	Tegningsnummer	Revisjon	
		5144667	A-20-06-01	D1	